



Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato:

11.07.2025

Vår ref:

2025/8261

Dykkar dato:

22.05.2025

Dykkar ref:

202224744

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT  
(NVE)  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon

Eyvin Søltnæs, 5764 3135

## Fråsegn - konsesjonssøknad - Geitelvi kraftverk - Njord Energi Holding AS

**Statsforvaltaren vurderer at ei utbygging av Geitelvi vil få negative konsekvensar for naturmiljø og friluftsliv, men ikkje i ein slik grad at vi vil rå frå ei utbygging. Maksimal slukeevne bør reduserast noko for å oppretthalde meir naturleg dynamikk i vassføringa enn det som søknaden legg opp til.**

Vi viser til høyringa av konsesjonssøknaden for Geitelvi kraftverk.

### Kva søknaden gjeld

Det er søkt om å få byggje ut ei 1955 meter lang strekning av Geitelvi, med inntak på kote 275 og kraftstasjon på kote 24. Vassvegen vil gå i tunnel frå inntaket, og deretter i ei om lag 250 meter lang røyrgate fram til kraftstasjonen. Det er planlagt maksimal slukeevne på 2,63 \* middelvassføringa, og minstevassføring på 5-persentilnivå for sommar og vinter. Estimert årleg energiutbytte er på 17,3 GWh.

Tunnelboringa vil generere om lag 1400 m<sup>3</sup> faste massar, som skal mellomlagrast ved påhogget, og deretter nyttast til fylling i røyrkata, og til tilbakefylling av påhogg og generell arrondering. Massane vil bli dekte til med stadeigne jordmassar med naturleg frøbank.

Under boringa vil det bli nytta vatn frå Geitelvi som mellombels vasstilførsel til borestrengen. Det skal etablerast eit lukka system med reinsing av vatn i sedimentasjonsbasseng, etter gjeldende standardar og reglar. Det vil bli søkt til Statsforvaltaren om utsleppsløyve.

Det er i tillegg søkt om løyve til å leggje ein 70 meter lang 22 kV jordkabel i ein oppgradert traktorveg fram til ein eksisterande 22 kV-kabel som ligg i grøft langs E16.

Miljørapporten er basert på feltkartleggingar i september 2022 og juni 2024. Det blei påvis ein art mose og fire lav i raudlistekategori nær trua (NT). Fjellhutremose og elveblokklav blei registrert respektive ved og i elva, og gubbeskjegg, rognlundlav og skorpefiltlav blei registrert i blandingsskogen i området. Samla er det akvatiske og det terrestriske naturmiljøet sett til *stor verdi*. Ei utbygging er vurdert til å få *middels negativ konsekvens* for natur og biologisk mangfald.

E-postadresse:  
[sfvlpost@statsforvalteren.no](mailto:sfvlpost@statsforvalteren.no)  
Sikker melding:  
[www.statsforvalteren.no/melding](http://www.statsforvalteren.no/melding)

Postadresse:  
Njøsavegen 2  
6863 Leikanger

Besøksadresse:  
Njøsavegen 2, Leikanger  
Solheimsgaten 13, Bergen  
Fjellvegen 11, Førde

Telefon: 57 64 30 00  
[www.statsforvalteren.no/vl](http://www.statsforvalteren.no/vl)  
Org.nr. 974 760 665



Ein tidlegare søknad om kraftutbygging i Geitelvi blei avslått i 2013. Denne utbygginga var planlagt utan tunnelboring, og det var inngrep knytt til rørtrasé og anleggsveg som var utslagsgivande for avslaget.

### Vår vurdering

Ei utbygging av Geitelvi vil redusere vassføringa på ei nærare to kilometer lang elvestrekning og vil føre til nye naturinngrep. Fordelen med eit energiutbyte som vil bidra til å nå nasjonale mål om ny grøn energi, skal vegast opp mot ulemper for mellom anna naturmiljø og friluftssinteresser. Ein eventuell konsesjon må føresetje at utbygginga kan gjennomførast i tråd med miljøprinsippa i naturmangfaldlova § 8 – 12.

Med veglaust inntak og vassveg i tunnel ned til tunnelpåhogget, vil inngrepa ved ei utbygging i hovudsak vere knytt til inntaket, tunnelpåhogget, nedgraven røyrgate nedanfor påhogget, og kraftstasjonen med tilhøyrande anlegg. Anleggsveg og rørtrasé i terrenget var hovudinnvendinga mot prosjektet som blei avslått, men er no altså avgrensa til strekninga frå tunnelpåhogget på kote 74 og ned til kraftstasjonen.

Terrenginngrepa vil dermed i stor grad bli redusert samanlikna med prosjektet som blei avslått. Inngrepa som kjem i nedre del av utbyggingsområdet vil syne att i landskapet, til ulempe for friluftstintessene. Sidan friluftsliv/brukarinteresser berre er svært kort omtalt i konsesjonssøknaden, vil vi minne om at det i den førre konsesjonssaka kom fram at området har høg bruksfrekvens og er viktig for nærfriluftsliv i Bolstad-området.

Miljørapporten konkluderer med at naturmiljøet har stor verdi, og det er venta middels negativ konsekvens for naturtypar og biologisk mangfald. Vi har ikkje avgjerande merknader til feltregistreringane eller konsekvensvurderinga. Vi legg til grunn at det blir vurdert vilkår om avbøtande tiltak som er føreslege i miljørapporten.

Det er påvist fem raudlisteartar i kategorien nær trua (NT), og som kan bli negativt påverka av inngrep i leveområda eller redusert vassføring etter ei utbygging. Det ser ut til at rørtraséen eller dei andre terrenginngrepa ikkje vil kome i konflikt med desse artane.

Rennande vatn inngår i naturtypen ellevassmassar i raudlista for naturtypar frå 2018, og er sett i raudlistekategorien nær trua (NT). Artsdatabanken peikar på at særleg bekkar i låglandet er utsette for påverknad. Resterande bekkeløp har dermed fått auka verdi for vasstilknytt flora, fisk, insekt og fugleartar som fossefall, vintererle og strandsnipe.

Elveblokkmose (nær trua – NT) er registrert i elveløpet, og det kan leggjast til grunn at fossefall, vintererle og strandsnipe hekkar ved elva. Det er ikkje gjennomført noko fuglekartlegging som eventuell dokumentasjon på at desse artane hekkar ved elva, men vurderinga i miljørapporten er at tilhøva for elvetilknytte fuglar er alminneleg gode.

Planlagt minstevassføring vil gi ei representativ naturleg lågvassføring for sommar og vinter, og som vil vere viktig for å avbøte skadane av ei utbygging. For fossefall kan det bli nødvendig å etablere hekkedass; desse kan til dømes setjast opp ved eventuelle bruer, og det kan støypast ei hekkehülle i kraftverksavløpet.

For naturmiljøet i og ved elva vil det òg vere viktig å oppretthalde ein viss naturleg dynamikk i vassføringa. Maksimal slukeevne på vel  $2,6 \cdot$  middelvassføringa vil innebere eit vesentleg større vassuttak enn for utbygginga som blei avslått. Her var største slukeevne på to gonger middelvassføringa, noko som kan karakteriserast som vanleg nivå for nye småkraftverk. **Sjølv om det er lagt opp til ei representativ minstevassføring som er eigna til å avbøte konsekvensar**



**for naturmiljø og landskap, bør det vurderast nærare om vassuttaket blir for stort til å oppretthalde ein akseptabel naturleg elvedynamikk.**

Vi minner om forureiningslova § 7 om å unngå forureining. Vi konstaterer at tiltakshavar vil søke Statsforvaltaren om utsleppsløyve for tunneldrifta.

Vi legg til grunn at alle tekniske installasjonar blir plassert slik at dei er mest mogleg verna mot skred og flaum, for å unngå skade på både personar og materielle verdiar.

Med helsing

Eline Orheim  
seksjonsleiar

Eyvin Søltnæs  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Voss herad  
Vestland fylkeskommune

Postboks 145  
Postboks 7900

5701  
5020

VOSS  
BERGEN